



**DET KONGELEGE  
KLIMA- OG MILJØDEPARTEMENT**

Statsråden

Energi og miljøkomiteen Stortinget  
Stortinget  
0026 OSLO

Dykkar ref

Vår ref

Dato

21/584-

25. februar 2021

### **Svar på representantforslag 102 S (2020-2021) om statleg vern av Ekebergsletta**

Eg viser til brev frå Energi- og miljøkomiteen 18. februar 2021 om representantforslag 102 S (2020—2021) om statleg vern av Ekebergsletta.

Ekebergsletta og skogsområda rundt har kvalitetar både for idrett, friluftsliv, naturopplevingar og kulturhistoriske opplevingar. Store delar av skogen nær Ekebergsletta er viktig for naturmangfald og er verna som naturreservat (Ekebergskrånningen naturreservat).

Eg er einig med kommunen og representantane Haltbrekken og Kaski om at dette flotte området bør bevarast for ettertida. Likevel er det lite truleg at Ekebergsletta kvalifiserer til vern etter naturmangfaldlova. For det første skal vern etter naturmangfaldlova bidra til å nå minst eitt av måla for vern som er nemnt i naturmangfaldlova § 33. For det andre har kvar vernekategori særskilte vilkår for vern. For kategorien landskapsvernområde er vilkåra i § 36:

*"Som landskapsvernområde kan vernes natur- eller kulturlandskap av økologisk, kulturell eller opplevelsesmessig verdi, eller som er identitetsskapende. Til landskapet regnes også kulturminner som bidrar til landskapets egenart."*

Det er lite truleg at Ekebergsletta tilfredsstiller desse krava.

Representantane grunngir forslaget blant anna med at Ekebergsletta blir brukt til sportslege aktivitetar og kulturaktivitetar. Dette ligg klart utanfor mål for vern i § 33. Eg er også i tvil om Ekebergsletta har andre kvalitetar som vil bidra til å nå måla for vern i § 33.

Fylkesmannen gav ei vurdering av dette i august 2019, der dei uttalte at dei vil tilrå kommunen å finne andre verkemiddel enn landskapsvernområde for å bevare verdiane

Ekebergsletta har, og som er viktige for biologisk mangfald, kulturmiljø, idrett, friluftsliv og naturoppleving. Fylkesmannen grunngir dette med kriteria for landskapsvern, jf. nml § 36, og dei ønska og planane kommunen har for bruk og vidareutvikling av området. Eg er einig i denne vurderinga.

Kulturminnelova kan brukast for å ta vare på naturverdiar og kulturhistoriske verdiar, jf. § 20 i kulturminnelova. Dette inneber at det for kulturmiljø er mogleg å frede naturelement når det bidreg til å skape området sin eigenart. Ekebergsletta vil truleg ikkje tilfredsstillast krava til freding som kulturmiljø etter kulturminnelova, då naturverdiane og dei kulturhistoriske verdiane ikkje har dei samanhengane som grunngir ei kulturmiljøfreding.

Klima- og miljødepartementet har dei seinare åra hatt fleire møte med Oslo kommune om vern og ivaretaking av Ekebergsletta. I møte hausten 2019 mellom dåverande statsråd Ola Elvestuen og byråd for byutvikling Hanna E. Marcussen, formidla departementet til kommunen at Ekebergsletta truleg ikkje kvalifiserer til vern etter naturmangfaldlova. Det blei likevel peikt på at området truleg varetek krava for å bli eit statleg sikra friluftslivsområde.

Kommunen var positive til statleg sikring som friluftslivsområde, og Oslo kommune v/byråd for byutvikling Hanna E. Marcussen oppmoda i brev av 29. mai 2020 departementet om å vurdere om Ekebergsletta kan bli eit statleg sikra friluftslivsområde. Samtidig bad byråden om eit møte med departementet.

Departementet hadde på denne bakgrunnen eit møte med politisk leiing i Oslo kommune i august 2020. Konklusjonen på møtet var at kommunen skulle sende ein søknad om at Ekebergsletta, eventuelt også med delar av omkringliggjande skogsområde, blei sikra som statleg sikra friluftslivsområde.

Statleg sikring som friluftslivsområde er ei ordning som har eksistert sidan 1958, og som har resultert i at ca. 2200 friluftslivsområde rundt i heile landet er varig sikra til friluftsliv. I dette tilfellet vil sikringa innebere at kommunen sender ein søknad til Miljødirektoratet, der dei søker om at Ekebergsletta får status som statleg sikra friluftslivsområde. Eigarskapet til området vil då framleis liggje hos kommunen eller annan grunneigar, men det blir tinglyst eit hefte på området, som innbeber at området ikkje kan omdisponerast utan etter samtykke frå staten ved Miljødirektoratet.


Sjølv om området blir statleg sikra friluftslivsområde, vil dagens bruk til idrett og friluftsliv kunne fortsetje som i dag. Kommunen har førebels ikkje sendt ein søknad om statleg sikring til departementet eller Miljødirektoratet.

Det er dermed ikkje riktig at ballen ligg hos regjeringa, slik som representantane Haltbrekken og Kaski skriv. Ballen ligg no derimot hos kommunen, og eg avventar at kommunen vil sende ein søknad om statleg sikring av Ekebergsletta som friluftslivsområde.

Det er svært lite som talar for at området kvalifiserer til vern etter naturmangfaldlova.

Eg vil derfor rå i frå at Stortinget vedtek forslaget.

Med helsing

A handwritten signature in blue ink, appearing to read 'Sveinung Rotevatn', with a long horizontal flourish extending to the right.

Sveinung Rotevatn